



Det var bra besøk i TI-aren i dag

**I dag har det vore 46 vaksne og 4 born innom TI-aren i Gamleskulen og det har dugnadssdamene som står på der all grunn til å vera fornøgde med i det våte veret. Frammøtet tyder også på at juni kjem til å bli ein god månad, kanskje betre enn mai.**

Då var gjestetallet nærmast middels dei 4 opningsdagane.

Det starta med 36 vaksne og 13 born 3. mai og held fram med 36 vaksne og 10 born 10. mai.

Så gjekk det ned til 19 vaksne og 6 born 24. mai og siste tysdagen i mai som var den 31. kom det 39 vaksne og 5 born.

Dette blir eitt snittbesøk på 32 vaksne. Damene selde for 4.805 kroner denne månaden, eit imponerende tall trass i alt med tanke på at alt framleis kostar berre 10 kroner!

Kafeen er no gjennomrestaurert etter ein imponerende jobb der særleg utrettelege Janne Olsson har stått på.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen